



Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

NR. 1 | PÅSKENUMMER | 2016 | 93. ÅRG.

God påske!





Som når eit barn kjem heim...

Sikt høgare! Jobb hardare! Finn drøymeforberedelsen, drøymekjæresten, drøymehuset! Dette er gode råd til dei som har masse talent og overskot. Men oppfordringa har ei nådelaus bakside.

Det vellukka mennesket blir ofte det einsame mennesket. Fordi det ikkje er seg sjølv, og har mista kontakten med sider i sin personlegdom. Med det svake, med det hjelpelause, med det som treng eit anna menneske. Det vellukka mennesket er ofte det stolte og det einsame mennesket.

Hvis du har smerte nokon stad, så vil du heile tida prøve å lindre smerten. Med betre prestasjonar, betre resultat, bli flinkare, dyktigare. Men det som skjer er at du berre blir driven vidare, for å legge under deg stadig nytt terreng – frå skanse til skanse.

I Bibelen kan vi lese om den gode gjetaren som forlét dei nittini sauene for å finne den eine som har gått seg vill.

Ulvesjeler står for fall. Ulvar har ingen gjetar, ingen framtid.

Det viktigaste i livet er ikkje å vere seg sjølv nok – men å bry seg om andre.

Den som går inn i dagen i dag med tomme hender, vendt mot Gud i forventning, er modig. Om vi likevel vågar det, får Gud sjansen til å auke i kraft i våre liv.

Jesus kjem forfra, frå framtida. Vend deg om i glede! Jesus lever og står foran deg! I slike stunder kan eg få ein veldig livsglede og livsappetitt, og samtidig kjenne at eg ikkje er så redd for å døy. Og eg som lenge trudde at desse motsette delane var umogleg å kombinere.

For Jesus seier til deg og meg: «Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æve ikkje døy.» Joh 11,25-26

Ei bøn: Kjære Jesus Kristus. Av og til, når det går meg godt, vel eg å elske verda, snu ryggen til deg – og seie at du ikkje finst.

Av og til, når eg har det vondt, forsøker eg å berre vere hos deg – og flykte frå verda.

Herre, lær meg å vere hos deg – midt i verda.
Amen.

Knut Arne Kummeneje



Babysong

Lunsjtid og leik

Tidleg på nyåret starta vi opp med babysong i Askvoll. Vi plukka ut kjente og ukjente songar, både kristne og tradisjonelle barnesongar, kjøpte inn fargerike rytmeinstrument og plukka fram babyleikar frå loftet. Vi var spente! Ville det komme nokre babyar?

Ja, seks babyar og mødrene deira har vore saman med oss på babysong denne vinteren. Vi har halde til på møterommet på Askvoll kyrkjekontor kvar tysdag formiddag, og etter

songstunda har vi ete lunsj saman, både store og små. Siste samling i denne omgang er tysdag 15. mars, men vi starter opp igjen litt ut på hausten. Då håper vi å få sjå både nye og gamle fjes på babysong!

Babysong er eit samarbeidsprosjekt mellom Askvoll kyrkje og Sogn og Fjordane Indremisjon.

Ragnhild Stav og Runhild Øvreås



Kyrkjelydens misjonsprosjekt

– Barn og unge i Thailand

Et trygt og sikkert sted

Baikaow sammen med bestemor
og to yngre søskener.
Foto: Eivind Hauglid



PROSJEKTGLIMT: – Om ettermiddagen er jeg ofte på Lovsangshjemmet. Her kan jeg være sammen med vennene mine, spille data, lære musikk og få bibelundervisning, forteller Baikaow.

Baikaow har vokst opp i det største slumområdet i Bangkok, Klong Toey. Hun har tre yngre søskener og de bor alle sammen med bestemoren. Både moren og stefaren er narkomane.

Selger søppel

Baikaow er bekymret for framtiden, for bestemoren begynner å bli gammel. For å overleve, samler bestemoren på søppel, som hun selger videre til resirkulering. Alle sammen får gratis middag fra et sosialt senter i nærheten. Selv får hun støtte til reise og lunsj på skolen gjennom Lovsangshjemmet.

Drømmer om å bli politi

Klokka halv åtte om morgen drar Baikaow til skolen, den ligger ikke så langt borte. Der er hun fram til halv fire på ettermiddagen. Hun forteller at de fagene hun liker best på skolen er engelsk og musikk. På Lovsangshjemmet liker hun best data, musikk og bibelundervisning. Drømmen hennes er å bli politi, og det vil hun jobbe hardt for å realisere.

Trygghet i slummen

Lovsangshjemmet ligger under motorveien som går over det store slumområdet. For barna som vokser opp der er det mange farer som lurer. For noen blir Lovsangshjemmet et trygt og sikkert oppholdssted i hverdagen.

Frå prosjektbloggen

drommenomenfremtid.blogspot.no



FAKTA OM MISJONSPROSJEKTET BARN OG UNGE I THAILAND:

Immanuel menighet i Bangkok driver både en skolefritidsordning ved Lovsangshjemmet og Immanuel musikk-skole. Musikkskolen holder til i kirkens egne lokaler, mens Lovsangshjemmet ligger inne i slumområdet Klong Toey. I tillegg til å møte barnas behov, fokuserer prosjektet også på barnas familie.

SKOLEFRITIDSORDNING: Fire ettermiddager i uken gir Lovsangshjemmets skolefritidsordning tilbud om stimulerende og meningsfulle fritidsaktiviteter som engelsk, musikk, data, leksehjelp, kunst, lek og moro. Her er også en speidergruppe som samler 20-30 barn hver gang.

MUSIKKSKELE: På Immanuel musikk-skole får barna opplæring i musikk og lærer å spille et instrument. Skolen har ca. 70 elever.

HØYDEPUNKT: De tre store høydepunktene i løpet av i året er sommerskolen, julefesten og en tre dagers leir utenfor Bangkok.

Gjennom aktivitetene lærer barna grunnleggende kristne og menneskelige verdier. Det hjelper dem til å være mer beredt til å møte den tøffe hverdagen de har.

Dine gaver bidrar til at 150 barn og unge, som har en krevende oppvekst, får stimulerende og meningsfulle fritidsaktiviteter gjennom fritidsklubben på Lovsangshjemmet i Klong Toey i Bangkok. Både musikk-skole, speidertropp, leksehjelp, lek, engelsk-undervisning, kunst, sport, dataundervisning, kino, leir og julefest for nærmiljøet inngår i aktivitetene. I tillegg har Lovsangshjemmet foreldremøter. Fritidsklubben er åpen fire ettermiddager i uken og hver lørdag. Lovsangshjemmet drives av NMS sin samarbeidskirke i Thailand.

FYLT AV BEVEN

Eg minnes Jesu, kross, hans pinsel stor for meg den påskennatt. Då han gjekk opp VIA DOLOROSA og etter mot Getsemane hage, der han streid åleine. Eg minnes då i takk den påskennatt med alle skattar så fagre å eige, så sael og rik for meg.

Eg minnes mor og far og sysken kjær som er med i Jesus blod den påskedag. Han døden vann og streid for dei og meg og alle med. Ha takk O Gud for Jesus streid og vann ved Sidons rike fjell. Dei skattar vi må prise i evig takk.

Eg minnes då i takk så stor dei fagre strender over der med Jesus palmegrein i hand. Ved Daniel i takk for påskennatt då han ved Kedrons breidde seig i kne. Ha takk O Gud for det ei brutt då er, men då gjev evig liv for dei som vil.

Eg mines det eit fullbrakt er for alle, då Jesus røde blod gjer synder kvite i purpur rik. Om alle synder då kom med i Livets bok , dei sona var ved Jesu verk den påskennatt så sael. Så berre ta imot dog alle med og kom til nådebord ved skjærtorsdag`s fullbrakt.

Eg minnes alt som svant då mang ein ven er tapt, men dog ei gløymt av nåde rik. Så kom du påskennatt så STOR med all din rikdom då til meg med song og harpeleik i takk. Eg går i takk til Jesus blod med song i sæla rik og tek imot med det er har lært, og minnes alle dei eg vil møte heime der med Gud i neste påske sael, eg trur.

God påske!
Ståle Løkeland





Likning med ein ukjend

Foto: Marit Leknes Gryte (Kvammen kapell) og Marit Veberg Ask (Askvoll kyrkje)

I matematikken kjenner vi til likningar. Der handlar det om å finne dei ukjende tala som skjuler seg bak til dømes bokstavane x og y . Jesus hadde òg sans for likningar, men på ein annan måte enn i matematikken. For Jesus var det forteljinga han fortalte som skjulte noko. Forteljinga hadde eit dobbelt bodskap. Minikonfirmantane dramatiserte ei likning Jesus fortalte, likninga om såmannen. I akt 1 framførte dei forteljinga om såmannen, og i akt 2 kva forteljinga tydde. I første del høyrer vi om såmannen som sådde korn, som blei nedtrakka, og ete opp av fuglar. Kornet visna av mangel på vatn, eller blei kvelt av tornebusker. Men noko fall i god jord og bar grøde. I andre del får vi vite at såkornet er biletet på Guds Ord som blir planta i menneska. Det er noko som kjem i vegen for at Ordet skal få gro i menneska, mellom anna freistingar, sorger, rikdom og nytingar. Men nokre menneske har godt jordsmonn, og tek vare på Ordet i eit fint og godt hjarte.

Knut Arne Kummeneje

Borna i Kvammen er klare til å gå inn i prosesjon.



Frå 5-teiknsbøna der vi held kvarandre i hendene der vi ber denne bøna: «Gode Heilage Ande, takk for at vi ikkje er øleine. Hjelp oss å sjå kvarandre med kjærleik. Amen.» Frå Kvammen kapell.





Her går borna i Askvoll kyrkje i prosesjon.



Borna illustrerer det kornet som fall i god jord, vaks opp og gav grøde, heile hundre gonger det som vart sådd. Frå Askvoll kyrkje.



Det som fall mellom tornebuskene, er dei som hører Ordet, men på vegen gjennom livet blir dei kvelte av sorger, rikdom og nyttingar. Frå Kvammen kapell.



Det som fall mellom tornebuskene, er dei som hører Ordet, men på vegen gjennom livet blir dei kvelte av sorger, rikdom og nyttingar. Frå Askvoll kyrkje.



Dei attmed vegen er dei som hører Ordet; men så kjem djævelen og tek det bort frå hjartet deira, så dei ikkje skal tru og bli frelse. Frå Kvammen kapell.



Men det i den gode jorda, er dei som hører Ordet og tek vare på det i eit fint og godt hjarte, held ut, og ber grøde. Frå Kvammen kapell.



2-årssamling i Ask






Akvoll kyrkje

Som eit ledd i trusopplæringa arrangerte vi 2-årssamling for første gong, og samlinga vart halden i Askvoll kyrkje. Vi hadde rigga oss til nede ved koret og lagt ut matter som borna og ein tilhøyrande voksen kunne sitte på. Under samlinga fekk dei høre om det lammet Krølle som hadde gått seg bort og den storstilte leiteaksjonen som vart sett i gong. Leiteaksjonen vart dramatisert og ungane følgde godt med og heldigvis vart Krølle funnen til slutt. Etterpå song vi ein song om dette lammet som kom til rettes. Det vart òg sunge andre songar, og vi hadde nokre rim og reglar vi gjorde i lag. Etter sjølve opplegget var ferdig var det lagt opp til fri leik. I tillegg til å teste ut leikane vi hadde teke med, var det ein del som tykte det var kjekt å utforske sjølve kyrkjerommet.

Det var alt i alt ei kjekk samling!



Klokkene over all jord

Gud kaller enn
når klokkene kaller
Natt over bygd
og by er det snart
ENN lyder kallet
Kom og følg meg
Vitne vi vil vere
og budet hans bere

Fjerne strender ser
etter venner og kall
vil det oss prege
i misjonen si sak
framtid og håp
det lyser over landet
Håpet er mesteren
og framtid over den nye jord
snart er det slutt
å gå med hans bud


Evig skal songen
der lyde i himmelens sal
evig er tonen her nede
når mesteren spør
ja, evig og mektig
er Jesus og hans spor
evig, ja evig når klokkene
kaller over all jord

Spør meg den ringe
om Gud vil han fylge
spør her på jord
den einsame sjel
spør snart der oppe
ja kom til meg snart
da vert hans nåde
medbrakt til din bustad
da vil han takke
i himmelkor med
da vert eg ringe
når mesteren spør

Ståle Løkeland



BARNAS SIDE



Fargelegg

Dei glade kvinnene ved
Jesus si tomme grav!

Teikningar: Kari Sortland

Finn 5 feil

Dei to biletene er
nesten like. Finn
du dei fem feila på
biletet til høgre?



Abonnér på barnebladet

BARNAS

16 blader + DVD eller bok
= berre 365,-

(privatabonnement
heim i posten)



Gruppeabonnement berre 199,-
per barn



Bibelteikneseriar
og gøyale aktivitetar!

Perfekt som
faddergåve!

Ting på barnas@sondagsskolen.no eller på telefon 22 08 71 00



Nytt konfirmasjonsår med innskrivingsgudsteneste 12. juni

Denne gongen byrjar konfirmasjonstida allereie før ferien med innskrivingsgudsteneste i Askvoll kyrkje søndag 12. juni kl 13.30. Alle medlemmer og tilhøyrande, fødde i 2002, vil få tilsendt invitasjon til konfirmasjon i god tid før innskrivingsgudstenesta.

Alle nye konfirmantar frå heile soknet skal møte denne søndag for å skrive seg inn som konfirmant. Vel møtt til alle nye konfirmantar!

Kyrkjelydens årsmøte 2016

10. april etter samtalegudstenesta i Askvoll kyrkje kl. 13.45 vert det kyrkjelydens årsmøte.

Det vert ordinære årsmøtesaker.

Årsmelding og årsrekneskap 2015, som vert orientert om i møtet, kan du lese på våre heimesider i dokumentarkivet.

Kyrkjelydens årsmøte er åpent for alle.

Askvoll sokneråd

Nye kyrkjetenarar i soknet

Anna Proskurnina har den seinare tida vore kyrkjetenar både i Askvoll, Holmedal og Kvammen, men ønskte reduksjon på grunn av anna arbeid. Ho held fram som kyrkjetenar i Askvoll kyrkje, og Thomas Roshan er no tilsett som kyrkjetenar i Holmedal og Jostein Gryte er kyrkjetenar/klokkar i Kvammen. Dorthea Grane har slutta som kyrkjetenar i Vilnes kyrkje, og Edvin Landøy har igjen gått inn i denne stillinga. I alt betyr dette at vi ved kvar kyrkje i soknet har eigen fast tilsett kyrkjetenar.

*Vi er din lokale fagbutikk i kommunen
som leverer alt av blomar
i anledning gravferd:*

- Kistedekorasjon
- Hjerte
- Kors
- Krans
- Bårebukett m.m.



Vi er også forhandler av graminne, graving og rens av stein.



Betalingsfritt gravfeste i fredingstida



Askvoll sokneråd har vedteke ei endring i lokale gravplassvedtekter, som er godkjent av Bjørgvin bispedømmeråd i februar. Endringa går ut på at alle innbyggjarar i kommunen får avgiftsfri gravperiode i grava si fredingstid. Fredingstida på alle gravplassane i Askvoll er 30 år for kistegraver og 20 år for urnegraver.

Etter gjeldande gravferdslov og forskrift har alle innbyggjarar rett på fri grav i grava si fredingstid ved gravlegging innanfor eigen kommune, men om ein ønskjer å reservere ei grav i tillegg, t.d. til attlevande ektefelle eller sambuar, kan det krevjast festeavgift for tilleggsgrava, også når grava vert teken i bruk.

Ny ordning for Askvoll inneber at ein ved feste av tilleggsgrav framleis skal betale festeavgift i reservasjonsperioden, men når grava vert teken i bruk trer den betalingsfrie perioden inn. Ved gravlegging i festa grav vert det ikkje teke omsyn til attståande festetid i festeavtalen.

Det betyr med andre ord at når ein person vert gravlagt får vedkommande fri gravperiode i grava si fredingstid. Om attlevande ektefelle ønskjer å reservere grav til seg sjølv, må vedkommande betale festeavgift ved reservasjonen for fem år av gongen. Når den reserverte grava seinare vert teken i bruk, vert det ei betalingsfri gravperiode dei neste 30 (20) åra. Det vert ikkje teke omsyn til eventuell resterande festetid i reservasjonsperioden.

Regelendringa får ikkje tilbakeverkande kraft, men alle eksisterande festegraver som framleis er frede vert omfatta av nytt regelverk. Festegraver yngre enn 30 (20) år vert difor ikkje fakturert ved utløp av gjeldande festeperiode.

Endringa får ikkje konsekvens for utanbygds gravleggingar, det vil seie ved gravlegging av personar som hadde folkeregistrert adresse utanfor kommunen. For desse gravene vert det framleis kravd festeavgift for heile gravperioden.

Vedtekten for gravplassane i Askvoll kommune er kunngjort på våre heimesider www.askvoll.kyrkja.no under menyen: Kyrkjer og gravplassar.

Kyrkjeverje Rune Ziener

Frist for innsending av stoff til neste kyrkjeblad: 15. august.

Bruk e-postadresse: post@askvoll.kyrkja.no



Vaistinu vaskrese!

FOR NOKRE år sidan hadde eg norskopplæring med ei kvinne frå eit tidlegare kommunistland. Ho fortalte at når dei skulle skrive stil på skulen og gjerne ville ha god karakter, så var det berre å dikte i saman noko skamrosande og svulstig svada om ein av komunistleiarane, t.d. Lenin. Ingen lærar risikerte jobben sin på å setje dårlig karakter på ein stil der dei største leiarane vart roste! Då kunne eleven berre gå strake vegen til ein eller annan politisk sekretær, og då vart det oppvask!

MYKJE tid vart brukt på politisk skulering og indoktrinering i tidlegare Sovjetunionen. Trena folk reiste rundt på arbeidsplassane og heldt foredrag om det kommunistiske system sin "fortreffelighet". Men sjølv om "religion var opium for folket" etter marxistisk ideologi, så var det mykje kristentru djupt i den russiske folkesjela. Enda om desse politiske foredragshaldarane kom midt i arbeidstida, så hadde slike foredrag prioritet, og ingen bedriftsleiar torde mukke. Då vart dei rapporterte oppover i systemet. Så var det ein gong rett før påske at den politiske sekretären hadde fått tromma saman heile arbeidsstokken i matsalen,

og der heldt han eit temmeleg langdrygt innlegg om kor bra alle ting var. Foredragshaldaren var etterpå ivrig etter å kome i dialog med den utkommanderte møtelyden. «Kva var det de likte særskilt godt med foredraget?» spurde den politiske sekretären.

Ingen sa noko.

«Kvífor er det kommunistiske systemet så overlegen samanlikna med vestens kapitalisme?» Heilt stille.

«Ja, men er det ikkje ein her inne som har noko å seie?»

Då spratt det ein arbeidar opp og ropte:


«Christos vaskrese!» (Kristus er oppstått)

Og heile møtelyden stemte i den gamle russiskortodokse påskehelsinga:

«Vaistinu vaskrese (Ja, sanneleg han er oppstått)!»

EG VEIT ikkje om vedkomande politiske sekretær rapporterte møtelyden oppover i systemet, men han som står heilt på toppen og er over oss alle, var nok bra nøgd!

Ragnar Bull



Vil du sjå din annonse her?

Kontakt kyrkjekontoret!



Velkommen til gudsteneste



ASKVOLL KYRKJE

27. mars kl. 11.00

Gudsteneste 1. påskedag ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Kyrkjelydens Misjonsprosjekt.

03. april kl. 11.00

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Søndags-skuleforbundet (Bergen Krins)

10. april kl. 13.45

Samtalegudsteneste med konfirmantane ved Knut Arne Kummeneje og Stein Hugo Fykse. Offer til Askvoll kyrkje.

08. mai kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Askvoll Kyrkje.

15. mai kl. 11.00

Gudsteneste 1. pinsedag ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Kirkens Bymisjon i Bergen.

17. mai kl. 10.30

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Kirkens Nødhjelp.

29. mai kl. 11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Sjelesorgsenteret Haraldsplass.

12. juni kl. 13.30

Innskrivingsgudsteneste konfirmantar.

10. juli kl. 11.00

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

07. aug kl. 19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.



HOLMEDAL KYRKJE

25. mars kl. 19.00

Gudsteneste Langfredag ved Knut Arne Kummeneje.

17. april kl. 19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Kyrkjelydsarbeid.

24. april kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Holmedal Bedehus.

17. mai kl. 11.00

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Holmedal Kyrkje.

19. juni kl. 19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

17. juli kl. 11.00

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

14. aug kl. 11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Familiedagen.

28. aug kl. 19.00

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

19. juni kl. 11.00


Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

31. juli kl. 11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Krabbefestivalen.

21. aug kl. 11.00

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.



BULANDET KAPELL

27. mars kl. 12.00

Gudsteneste påskedag ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Kyrkjelydsarbeid.

01. mai kl. 11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Bedehusklubben på Værlandet.

21. mai kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Bulandet Kapell.

19. juni kl. 11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

07. aug kl. 11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.



VILNES KYRKJE

13. mars kl. 19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Kyrkjelydsarbeid.

18. mars kl. 10.00

Barnehage/Skulegudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

17. april kl. 11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Kirkens Bymisjon i Bergen.

14. mai kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Vilnes kyrkje.

KVAMMEN KAPELL

24. mars kl. 19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Kvammen kapell.

03. april kl. 17.00

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Skilbrei Ungdomssenter.

22. mai kl. 12.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Jonasklubben.





Kyrkjelege handlingar

DØPTE 2016

ASKVOLL

31. januar	Live Dalsøren
14. februar	Emma Sofie Matrella Leknes
VILNES	
10.januar	Emilian Olai Høvik Indreberg, døypt i Helgheim kyrkje

24 .januar

Tobias Saltskår

Gjervik

30. januar

Mathias Milan Reyes

Leknes

30. januar

Mio Aleksander

Hamre Jensen

14. februar

Lasse Heggøy Ryd-

ningen

KVAMMEN

10. januar Lovise Aalen

BULANDET

10. januar Vilde Sandøy
Torvanger

GRAVLAGDE 2015/2016

ASKVOLL

09. des	Jorunn Sylvia Fagerheim f.1936
06. jan	Signy Lovise Vågen f.1927
10.jan	Ottar Kåre Thuland f.1939
02.febr	Oddborg Magny Kjeldedal f.1940

VILNES

29.des	Olav Arvid Landøy f.1922
--------	-----------------------------

HOLMEDAL

18.des	Arne Skarstein f.1936
30.des	Arnfinn Helgheim f.1916
04.febr	Oddny Vatnelid f.1935

BULANDET

27.jan	William Andreas Rogne f.1986
10.febr	Klaus Karlsen f.1927

VÆRLANDET

11.febr Vermund Landøy
f.1933

STONGFJORDEN

29.jan Nils Yndestad
f.1919

GJELSVIK

22.des	Torild Selvik f.1946
23.febr	Målfrid Aslaug Nordvik f.1925

26. juni kl. 11.00

Gudsteneste ved Knut Arne
Kummeneje.

24. juli kl. 11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

21. aug kl. 11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.



VÆRLANDET KAPELL

03. juli kl.11.00

Gudsteneste ved Knut Arne
Kummeneje. Nordsjøsporthelga.


STONGFJORDEN KAPELL

22.mai kl. 10.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Knut
Arne Kummeneje. Offer til: Stong-
fjorden Bedehuskapell.

Sjå www.askvoll.kyrkja.no
for oppdatert gudstenesteliste





GUDSTENESTER I PÅSKA

Skjærtorsdag Kl. 19.00 Kvammen kapell
Langfredag kl. 19.00 Holmedal kyrkje
Påskedag kl. 11.00 Askvoll kyrkje
Påskedag kl. 12.00 Bulandet

Dugnad

Askvoll kyrkjegard tysdag 3. mai kl 17.00

Holmedal kyrkjegard måndag 18. april kl 18.00

Vi skipar til dugnad på desse kyrkjegardane for å rydde opp på fellesareala.

Håpar mange kan stille, så vi får ei velstelt gravplass framfor konfirmasjonsgudstenesta og 17. mai.

Ta gjerne med reidskapar (spade/rive/hagesaks etc.), så ordnar vi med kaffi.

Helsing kyrkjelydsutvalet i Askvoll og Holmedal

No kan du betale for
kyrkjebladet på sms
Send **BLAD** på
sms til **2380**
(200 kr)



DEN NORSKE KYRKJA
Askvoll

KONTAKT OSS



RUNE ZIENER
Dagleg leiar/kyrkjeverje

479 63 319
kyrkjeverje@askvoll.kyrkja.no



MARIT VEBERG ASK
Kyrkjesekretær

918 74 724
kyrkjesekretær@askvoll.kyrkja.no



STEIN HUGO FYKSE
Sokneprest

909 60 154
sokneprest@askvoll.kyrkja.no



RAGNHILD STAV
Trusopplærar

909 67 627
kyrkjelydsarbeidar@askvoll.kyrkja.no



ANTON PROSKURNIN
Organist

482 32 977
organist@askvoll.kyrkja.no



KNUT ARNE KUMMENEJE
Spesialprest (barn/unge)

908 55 230
knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no

ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll

Telefon 918 74 724 e-post: post@askvoll.kyrkja.no

Heimeside: www.askvoll.kyrkja.no

Facebookside: www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll



Kontortid: tysdag til torsdag kl: 09.00 – 15.00 Fredag kl: 10.00 – 14.00

Beredskapstelefon: 954 83 152 ved akutt behov for prestetjeneste etter kl. 17.00 og i helgene. Måndag er prestane sin fridag.

Kyrkjebladredaksjonen: Rune Ziener (ans. red.), Stein Hugo Fykse, Marit Veberg Ask, Ragnhild Stav

Leiar Askvoll sokneråd: Jostein Gryte 909 38 382